

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 36.

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Helsing, fakler og åfferd.

Oppskr. av: Olav Fjørtoft

(adresse): Fjørtoft

Fylke: Møre og Romsdal

Herad: Saram.

Bygdelag: Fjørtoft

Gard: N. Fjørtoft

G.nr. 3 Br.nr. 3.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke) :

## SVAR

Oppskrifta her er mest etter eiga røynsle,  
slik som og har høgt fortalt og sjølv opplevt.

Helsing, Fakler og åfferd.

1. Å uttrykka "ja" og "nei" med rørsler har i bygdene vært haldi seg mykje godt tilbrigda så langt attende nokon kan minnast, og det stort sett ingen skilnad no mot før.

"Ja" vert (og har vore) vanleg uttrykt med å nikka framover med hovudet, eller med å lyfta høgre handa opp, - skindom og begge hendene.

"Nei" vert uttrykt med å rista på hovudet, eller og med å irinka ~~sæd~~ eller rista på handa bort frå seg. Handa er då berre halvt ~~stilt~~ oppstrekt og har ein bojning utover frå kroppen.

2. Til ut om 1900-åra var det vanleg at folk helsa på alle dei møtte, anken dei var kjende eller ukjende. Den eldste helsinga til alle ein

mølle var: "Gå i fred!", "Sit i fred!", "Stå i fred!" I kida 1900-1930 kom det inn i våre bygder ein ny helsingsmåte, det var: "Godt mot!" (Godt møle.) Den ein helst på svara då med same orda. Denne måten å helsa på er det no for det meste slitt med.

Det er heller ikkje vanleg no for tida at ein brukar helsa på ukjende. Den vanlege helsinga no når kjende møtest er: "Goddag," "go mor'n," "god kveld." Men den gamle forma "signe laget" - "signe kirka" er emna svært almen.

3. Den gamle regelen for kven som skulle helsa først var at mannen helsa først på ei kvinne og dei unge på dei gamle. Slik er det framleis. Mellom menn- og likeså mellom kvinner, var regelen at ein ubabygd helsa først. Slik var gammal sed.

4. Når slike slekningar eller andre kjende møkkst helsa dei først med orda "god dag," både menn, kvinner og barn. Samstundes gav dei kvarandre handa - også til borna. Slik har det vore så langt attende nokon veit, og slik er det enda. Handhelsinga har ikkje skifta del minste.

5. Grammar som omgjekk kvarandre dagleg, brukte ikkje ta hatten av når dei helsa på kvarande. Men til uts-gards kjende var det vanlig å gjera det, og likeså til ubabygd slekninga. Prest og andre embetsfolk, tok alle av seg hatten (hūva) før; det var vanleg höfleg skikk. Detta gjorde og bygdelmannen for jord-eigaren sin, og fiskaren til kjøpmannen

Når han kom fram fisken sin. Gjekk ein høgare person, embetsmann o. l., fram om ein flokk eller mindre kins som stod og prala saman, helsa alle med å ta av seg hatten.

6. Dersom ein heldt hatten med begge hendene, lydde det narmast at ein ville se seg særleg "underdannig" fram for dei stod over ein. Difor hende at ein kva oppførde seg slik, men alment var det ikke. At nokon heldt hatten under armen, når dei helsa, har eg ikke sett eller hørt om.

7. Helsingsmålen var den same anten ein var høgtids- eller kvardagskledd.

8. ~~Folk helsa på~~ Folk handhelsa på kvarandre : 1) Når slektfolk kom på gjesting 2) Når utanbygd kjende møttst. 3) Når grammar og slektfolk kom til bryllups, i gravferd og i høgbider ved kyrkjia. Det var då vanleg at ein også helsa på borna - jamvel dei minste. Endå er dette almen skikk.

9. Å klappa kvarandre på øksla som uttrykk for glede er svarande gammal skikk. Eg har og sett i min ungdom at eldre folk då brukte å leggja begge hendene på akslene åt den ein ville syna si glede mot - som eit uttrykk for gode ønske. Kan endå sjå at dette vert gjort.

10. ~~Et~~ eldre tid og til litt ut om hundreårs-skiftet var det overalt vanleg sed at mennene helsa kyrkjekekloka med å ta av seg hatten. Kvinnfolka bøyde horndat og nesle hendene. Når på åkaren var det ingen seremonier endre

bider emn gjy rote såingsdagen om våren.  
 Då var sammen (kvina) berrhovda, og  
 dei heila såingsarbeidet med: „F. Gudonamn“  
 11. Når folk møtte likeferd, synte dei si sam-  
 kjensle med å ta av seg hatten og stå stille  
 til fylgjet var kome forbi. På same vis  
 synter dei sin vyrnad mot brudefylgje.  
 Denne skaf skikken er i full hevd emno.

12. Her er inga fråsegn om at folk helsa  
 på visse ting og dyr.

13. Helsinga „gomorn“ brukte ein fra gryssdag-  
 münd om morgonen til 11-tida før middag.  
 Derefter var det „goddag“ til skyninga  
 kom - om vinteren - og til arbeidet slutta  
 ute om sumaren. Resten av dagen var  
 helsinga „godkveld“. Detter stort sett  
 var vanleg emno. „God middag“ var helst eit  
 ønske når ein skulle gå inn til målo.  
 Var elles mindre brukt før emn det er no.

„God natt“ var og er den vanlege helsinga  
 når ein gjest eller andre går fra huset  
 om kvelden, eller når to eller fleire har  
 vore saman og går kvar til seg. No  
 for tida vert også godkveld som  
 avskildhelsing ved siden av god natt.“  
 Elles brukar ein innator huslyden å seia  
 god natt“ til kvarandre når ein går  
 til sangs. Formene „efta“ og „aften“ er  
 ikkje bruket.

14. Før i tida högde ein aldri nokon  
 se „gomorn“ midt på dagen eller om  
 kvelden. I seinare år har denne gamle  
 forma brukt seg mykje inn, og mange  
 mislikar det. Samleis den avslitta forma  
 „morn“, som nærmest har blitt sjargong.

15. Det er vanleg at ein svarar med same helsing: „goddag“ med „goddag“, „gomorn“ med „gomorn“, o.s.v.

16. Ein kan ikkje seia at „gomorn“ eller „morn“ har vorte vanleg <sup>døgengjennom</sup> forbi tyå alle, endå om det har tendens til å auka på

17. Alle formene for helsing nemnt her: „signe arbeidet“, „signe strevet“, „signe kverlda“, „signe laget“ og „signe maten“ er velkjende gamle helsingsformer som blir brukt overalt i våre bygder den dag i dag. Men helsinga, som dei gamle brukte så mykje, held desverre på å gå ut no.

18. Tiltale måtar som „Signe deg“, „Ged vel signe deg“ var gamle ønske ein sa til kvarandra, og var mest brukt ved avskil for lengre tid. „Farvel“ var, og er framleis, ønske- og avskils helsing for dagleg eller kortare avskil. „Signe høgbida“, sa dei i juli, påske og jules. Til alle slike helsingar var svaret: „takk!“, – „takk og du (de) det same!“

Andre helsing former som inneheld ønske: „Når fiskarane reiste på sjøen, helsa dei heimeverande: „God tur og Tår herre vere med deg!“ Dei som fekk helsinga svara „takk for deg!“ Når dei så kom til landsatt – eller heimatt fra sjøen, vart dei helsa med: „Velkommen fra sjøen!“, „Velkommen att!“

Hja fiskarfolket er denne helsinga måten emo i full brevd, som i gamle dagar. Et skulle nok un av høslunden fortala heimen for lengre tid, var den gamle helsinga til avskil: „Du må leve vel og ta Tår herre med deg!“

Eldre folk brukar denne helsinga emo.

Ytterst brøkde helsingar er framleis:

"Velkommen heim.", "Velkommen att.", "Gvaret da so i alle høve fakk.", "Fakk for det."

19. Det var vanleg at gjesten tok oppatt same helsinga når han kom inn i huset: "Goddag i huset.", "Guds fred i huset."

20. Ville ein tala med hūsfaren eller hūs more slaine, bad ein om lov til å få gjera det i ein rom, eller, under fire øygo.

21. Det var vanleg at ein banka på døra når ein ville inn i eit hus, og no for tida gjer alle det.

22. Det var so måtar ein svara på når nokon banka på døra: Stuten, "Kom inn" eller, "Vers bo god!" Mest den fyrste måten slik no og. Den som kom inn vart ståande ved døra til han vart beden setja seg ned. Ær emo vanleg i heimane.

24. Skraks han kom inn, tok han hatten av seg.

25. "Vers bo god og sit ned!" sa dei til den som venta ved døra.

26. Ved gjester og embetsfolk var det vanleg at hūsfaren fulgte dei til salts.

27. Framande som kom til gards vart helsa på vanleg måte som andre, men gjerne noko reservert til den framande hadde presentert seg.

28. Fjærne ictkjje likt til nokon skilnad her.

29. Innbedne gjester vart helsa med: "Velkommen til gards.", "Velkommen i laget.", "Velkommen til bryllups!" - o. s.v.

30. Ved kvardagslege ritjingar sa ein "farvel"

bil avskil. Svaret var det same: "farvel".  
31. Ved avskil for så lang tid var helsinga  
"Lev vel og Gud signa deg!", "Gud vere  
med deg!" "Lev vel" er no mest vanleg.  
Fjargongen "ha det bra" holdt på og  
trengjer seg inn no for tida.

b) Var helsing truleg for siste gong var "farvel"  
med ~~det~~ ønsket: "Gud velsigne deg.", eller "Gud  
vere med deg!".

32. Skikken at vakone kyste kvarandre til  
avskil er utkjend, og ein har inga fråsegn om  
det. Men at mor kyste borna sine til avskil  
var nok ofte brukt.

33. Det var berra foreldre og born som kyste  
kvarandre som andre såg på.

34. "Gje munn" er kjent som utsøytekk for kyss.  
"Gje meg munnen din", sa dei til små born.  
35. Har aldri hørt nemnd skikken å kyssa  
på handa.

36 og 37. Ikjent i kjent. 38. Gjá svar nr. 34.

39. Gi nase til småborna var gammal skikk,  
men brukta som leik med borna. Dii kalla  
det "å byta nase". "Bryna nase" har eg  
og høyrta vore sagt. 40. Kvæn som helst  
kjème gjera det før. No mest mest foreldre  
og born, eller sysken seg imellom.

41) Utsøykka "å stela nase", - eller allor  
oftast "byta nase" var ein liknande  
kjent leik, og gjekk for seg som nemnt i nr.  
41. Som moro er skikken emno til.

42. At leggja kjake mot kjake som kjærkum  
er kjent fra gammalt, og framleis brukta.  
Med born kalla ein det "å vera god med  
han-ho-". "Gje storfanget" er eit utsøytekk  
for det same - men berre til born.

43. Det var som oftest bruket mellom born og foreldre og mellom voksne og born. Voksne i mellom var det sjeldan gjort som andre ság.

44. „Til lükkje var bruket i desse høve: „Til lükkje med dagen“ „Til lükkje med bryllupsdagen, -konfirmasjonen“, o.s.v. „Til lükkje med barnet.“ „Til lükkje med huset.“ „Til lükkje med båten.“ Lükkje til med det du likk til med.“ „Til lükkje med åringa.“ Lükkje til med fisket.“ Nå lükkja fylgje deg.“

45. På høgtidsdagar helsa ein: „Gledelig jule“ eller „velsigna julfest“, „Godt nyar“, „god påske-pins“. Ved barnefødsel: „Til lükkje med barnet. Ved brulovning: „Lükkje og velsigning fylgje dykk.“ Ved bryllup: „Til lükkje med ekkeskapsel“, og „Til lükkje med dagen.“

46. Ved dödsfall sa ein oflast: „Eg likk al i sorga. Gud styrke og trøyste deg (dykk)“. I myare bid har utsyrket „kondolere“ komme mykje i bruk. Ved motgang var det mykje utsyrkt for at Gud måtte styrke og hjelpe. Meir vanlege fasle utsyrkje for det, var det ikkje.

47. Takka gjorde ein alltid både med ord og handtak.

48. H takka for seg på vegner av den avlidne har vore vanleg skikk så langt attende ein veit, og velt framleis gjort. Dette gjer ein i heimen før den døde velt boren ut. Serkibb nann på dette var eg ikkje hørt.

49) Venyyrdenad med faktor utsyrkjer ein hels med å snu ryggen til vedkomande.

50) Ein brukar sein „du“ til venne og kjende og „De“ til framande og overordna. „Fø og fer“ blir aldri brukt. 51) „Han“ eller „ho“ i stundun for „du“ eller „de“ blir ikkje bruket.